



Innst. S. nr. 96

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 24 (2007-2008)

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2007 mv. under Samferdselsdepartementet

Til Stortinget

1. INNLEIING

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Karita Bekkemellem, Eirin Faldet, Irene Johansen, Synnøve Brenden Klemetrud, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, frå Framstegspartiet, Bård Hoksrud, leiaren Per Sandberg og Arne Sortevik, frå Høgre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, frå Senterpartiet, Ragnhild Aarflot Kalland, og frå Venstre, Borghild Tenden, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen foreslår endringar i løyvingar og gjer greie for nokre saker som gjeld veg, jernbane og særskilde transporttiltak, m.a. kostnadsoverskridingar.

1.1 Programkategori 21.10. Administrasjon m.m.

1.1.1 Samandrag

KAP. 1300 SAMFERDSSELSDEPARTEMENTET

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

For mykje betalt kontingent til to organisasjonar er avrekna mot kontingenten for 2007. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1300 post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 2 mill. kroner.

1.1.2 Merknader frå komiteen

Komiteen slutter seg til forslaget og har ellers ingen merknader.

1.2 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

1.2.1 Samandrag

KAP. 1310 FLYTRANSPORT

Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter

Reforhandlingar som ikkje er ferdige, kan føre til at utbetalingane ikkje finn stad før i 2008. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at kap. 1310 post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, får tilføydd stikkordet *kan overførast*.

KAP. 1313 LUFTFARTSTILSYNET

Post 1 Driftsutgifter

Aktiviteten i luftfartssektoren er i 2007 høgare enn venta. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1313 post 1 Driftsutgifter, med 5 mill. kroner. Inntektene vert auka tilsvarende, jf. kap. 4313 post 1.

KAP. 4313 LUFTFARTSTILSYNET

Post 1 Gebyrinntekter

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4313 post 1 Gebyrinntekter, med 5 mill. kroner.

KAP. 1314 STATENS HAVARIKOMMISSJON FOR
TRANSPORT

Post 1 Driftsutgifter

Det har teke lengre tid for Statens havarikommisjon for transport å få tilsett folk i ledige stillingar enn rekna med. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1314 post 1 Driftsutgifter, med 4 mill. kroner.

1.2.2 Merknader frå komiteen

Komiteen slutter seg til forslaga til bevilgninger og har ellers ingen merknader.

1.3 Programkategori 21.30 Vegformål

1.3.1 Samandrag

KAP. 1320 STATENS VEGVESEN

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve til saman 39 mill. kroner til å dekkje ekstraordinære kostnader med utbetring av ras- og flaumskader på kap. 1320 post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksveggar m.m. Tabell under pkt. 4 i proposisjonen viser nærare kva for tiltak/prosjekt som beløpet skal nyttast til.

E6 Ny Nidelv bru i Trondheim - kostnadsauke

I St.prp. nr. 68 (2006-2007) er det lagt til grunn eit kostnadsoverslag på om lag 97 mill. kroner for bygging av ny klaffebru over Nidelva i Trondheim. Revidert overslag er no på om lag 140 mill. kroner. Årsaka til prisauken er høge marknadsprisar.

Statens vegvesen går inn for at prosjektet vert gjennomført trass i kostnadsauken. Samferdselsdepartementet sluttar seg til denne vurderinga.

Kostnadsoverslaget på 140 mill. kroner inneber at bompengeselskapet skal finansiere 63 mill. kroner, medan 77 mill. kroner skal finansierast med statlege midlar.

E6 Trondheim-Stjørdal - behov for bompengar

Som omtalt i St.prp. nr. 68 (2006-2007) er det lokalpolitisk tilslutning til å vidareføre innkrevjinga av bompengar på prosjektet E6 Trondheim-Stjørdal for å byggje endeparsellane Nidelv bru-Grillstad i Trondheim kommune og Værnes-Kvithamar i Stjørdal kommune. Regjeringa tek sikte på å fremme ein proposisjon om saka våren 2008.

Kostnadene til nødvendig prosjektering, grunnundersøkingar m.m. er rekna til om lag 20 mill. kroner. For å kunne finansiere dette arbeidet vert det foreslått å rekvirere bompengar frå eksisterande innkrevjingsordning på E6 mellom Trondheim og Stjørdal.

Rv 108 Ny Kråkerøyforbindelse i Østfold - behov for bompengar

Som opplyst i St.prp. nr. 1 (2007-2008), er anleggsstart utsett som følgje av kostnadsauke på prosjektet. Lokale styresmakter har gjort vedtak om eit endra bompengeplegg for prosjektet. Prosjektet vil bli lagt fram for Stortinget på nytt når det ligg føre tilstrekkelege avklaringar av kostnadsoverslag, framdrifts- og finansieringsplan.

Som det går fram av St.prp. nr. 41 (2006-2007), er det til saman løyvd 14 mill. kroner til prosjektet i 2006 og 2007. I 2007 er det behov for ytterlegare 62 mill. kroner til prosjektering, prosjektleiing, grunnerv og etablering av ein erstatningsbarnehage. Samferdselsdepartementet føreset at bompengeselskapet stiller til disposisjon inntil 62 mill. kroner til prosjektet i 2007.

Kostnadsoverskridingar på Bybanen i Bergen

I St.prp. nr. 75 (2004-2005) er det lagt til grunn ei styringsramme for første byggjesteg av Bybanen på 1 640 mill. 2005-kroner og ei kostnadsramme på 1 800 mill. 2005-kroner. Omrekna til 2007-kroner utgjer dette

1 746 mill. kroner (styringsramme) og 1 917 mill. kroner (kostnadsramme).

Nye kostnadsprognosar tyder no på at prosjektet vert vesentleg dyrare enn opphavleg planlagt. Avviksanalysar viser at hovudårsaka til kostnadsauken er høgare prisar på innkomne tilbod enn det ein rekna med i kostnadsoverslaga. Det er særleg entreprisekostnadene for tunnelarbeida som har auka kraftig.

Kostnadsoverskridingane på Bybanen ser ut til å kunne dekkjast inn med auka inntekter frå bompengordninga. Viss dette likevel viser seg ikkje å la seg gjere, skal kostnadsoverskridingane handterast gjennom å kutte i prosjektporteføljen i Bergensprogrammet.

Dei store kostnadsoverskridingane på bybaneprosjektet stiller strenge krav til god økonomistyring i Bergensprogrammet.

Departementet legg til grunn at eventuelle kostnadsaukar på bybaneprojektet som følgje av ev. meirverdiavgift og kostnadene for omlegging av vassrøyr og kabelnett i bybanetraseen, må løysast i tråd med dei føringane som er gitte i St.prp. nr. 75 (2004-2005).

Samferdselsdepartementet sluttar seg til framlegg frå Bergen kommune som byggherre, om ny styringsramme på 2 200 mill. 2007-kroner og ny kostnadsramme på 2 400 mill. 2007-kroner.

Hardangerbrua - kostnadsoverskriding på tilførselsvegane

Det har vore tilbodsopning på tilførselsvegane til Hardangerbrua. Dette gir ein kostnadsauke på 38,4 pst. samanlikna med overslaget for tilførselsvegane.

Samferdselsdepartementet vurderer det slik at det er ein monaleg risiko for overskriding av kostnadsramma for heile prosjektet, dvs. brua og tilførselsvegane samla.

Ut frå dette har Samferdselsdepartementet funne det nødvendig at Statens vegvesen avlyser konkurransen på tilførselsvegane. Vidare har departementet bedt om at det snarast vert gjort førebuingar til ei ny avgrensa kvalitetssikring. Dersom kostnadsramma for heile prosjektet vert overskriden, vil saka bli lagt fram for Stortinget på nytt.

Samferdselsdepartementet understrekar at vedtaket om bygging av Hardangerbrua ligg fast, men at dette kan innebere at slutføringa av prosjektet vert utsett med inntil eit år.

1.3.2 Merknader frå komiteen

UTBEDRING AV RAS OG FLOMSKADER

Komiteen støtter forslaget om å bevilge 39 mill. kroner til utbedring av ras og flomskader.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at menneskeskapte klimaendringer vil føre til mer ekstremvær og økte nedbørsmengder i store deler av landet i framtida. Flertallet vil derfor peke på behovet for styrket planlegging og økt innsats for å forebygge skader på

veger og annen infrastruktur som følge av klimaendringer.

HARDANGERBRUA - KOSTNADSOVERSKRIDING PÅ TILFØRSELSVEGANE

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre, viser til Samferdselsdepartementets beslutning om å avbryte konkurransen om tilførselsvegane til Hardangerbrua, og det skisserte forslaget til framdrift for bruprojektet og tilførselsvegane samlet.

Flertallet viser til departementets påpekning av at det er en betydelig risiko for kostnadsoverskridelser for Hardangerbrua, og at dette understreker behovet for en ny avgrenset kvalitetssikring av hele prosjektet.

Flertallet viser til at departementet har understreket at vedtaket om bygging av Hardangerbrua ligger fast.

Flertallet tar redegjørelsen til orientering og ber om at Stortinget holdes løpende orientert.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre har som departementet, tillit til de langsiktige analyser for trafikkutviklingen, og at det ikke er grunnlag for å utvide kvalitetssikringen unødvendig med dertil ytterligere tidstap.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet har notert seg at en kostnadsøkning på 38 pst. på tilførselsveiene nå fører til utsettelse på inntil ett år, at anbudskonkurranse avlyses og ny kvalitetssikring gjennomføres. Disse medlemmer mener at en så betydelig kostnadsøkning gjør det nødvendig med en ny grundig vurdering av kostnadene.

Disse medlemmer viser til sine forslag da saken om Hardangerbrua ble behandlet, jf. Innst. S. nr. 93 (2005-2006)

Disse medlemmer viser til St.prp. nr. 2 (2005-2006) om Hardangerbrua der det bl.a. heter "Trafikkprognosane for prosjektet er usikre".

Disse medlemmer legger til grunn at når kostnadsberegninger som en i utgangspunktet mente var rimelig sikre, nå skal kvalitetssikres på nytt, er det også grunn til å gjennomføre ny sikring av trafikkprognosene som en tidligere har ment var usikre

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen gjennomføre ytterligere kvalitetssikring av trafikkgrunnlaget for Hardangerbrua."

Disse medlemmer har merket seg at departementet gjennom svar til komiteen, ikke ønsker å gi forpliktende svar når det gjelder å opprettholde tilstrekkelig kapasitet på ferjestrekningen Kvanndal-Utne. Disse medlemmer er kjent med brev av 1. november 2007 til Statens vegvesen region vest fra Norges Lastebileierforbund avd. Hordaland/Sogn & Fjordane,

der det bl.a. heter at "I stadig økende grad velges Kvanndal-Utne sambandet som i motsetning til Brimnes-Bruravik på grunn av at det er kortere og bedre veg".

Disse medlemmer vil uttrykke bekymring for den omkjøringsveg som er valgt i perioden når Vallaviktunnelen må stenges pga. brobygging; et forhold som ikke var opplyst i St.prp. nr. 2 (2005-2006) Om bygging og finansiering av rv 7/rv 13 Hardangerbrua i Hordaland. Disse medlemmer anbefaler bruk av ferje mellom Kvanndal og Brimnes som omkjøringsveg.

Disse medlemmer har med tilfredshet merket seg at departementets behandling av prosjektet Jondalstunnelen i Hordaland skjer uavhengig av forsinkelser knyttet til Hardangerbrua. Disse medlemmer understreker at kostnadskalkyler for Jondalstunnelen må ta utgangspunkt i bygging av identisk tunnel i samme område (Folgefonnstunnelen) og ferdigstilt i 2001.

Disse medlemmer viser til svar på spørsmål nr. 5 i brev datert 27. november 2007 fra samferdselsministeren til transport- og kommunikasjonskomiteen.

Disse medlemmer viser til sitt forslag i Innst. S. nr. 93 (2005-2006):

"Stortinget samtykker i at Hardangerbrua bygges slik prosjektet er redegjort for i St.prp. nr. 2 (2005-2006). Bompengefinansiering erstattes med statlig finansiering, og ferjeforbindelsen Kvanndal-Utne-Kinsarvik videreføres med kapasitet, standard og frekvens som ivaretar etterspørselen fra dagens ulike trafikkantgrupper. Stortinget ber Regjeringen legge frem tilleggs sak om statlig finansiering og med ytterligere kvalitetssikring av trafikkgrunnlaget."

Disse medlemmer viser videre til voteringsutskrift fra 28. februar 2006 der det fremgår:

"Votering:

"Ved alternativ votering mellom komiteens innstilling og forslaget fra Fremskrittspartiet ble innstillingen bifalt med 79 mot 24 stemmer."

Disse medlemmer peker på at statsrådets opplysninger om Stortingets "enstemmige behandling av finansieringsopplegg med delvis bompengefinansiering" ikke er korrekt.

OM KOSTNADSØKNINGER FOR VEGPROSJEKTER

Komiteen viser til at betydelige kostnadsøkninger for statlige vegprosjekter reduserer effekten av økte statlige bevilgninger til vegsektoren, og bidrar til økt press i markedet for bygg og anlegg for samferdselssektoren samlet. Komiteen vil derfor be Regjeringen om å vurdere tiltak for å redusere kostnadsveksten inkludert en gjennomgang av anbudspolitikken og utsettelse av vegprosjekter, også prosjekter som er basert på bompengeskatt.

ANDRE SAKER UNDER VEGFORMÅL

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, tar til etterretning og støtter de

øvrige forslag til endringer innenfor programkategori 21.30 Vegformål.

E6 NY NIDELV BRU I TRONDHEIM - KOSTNADSØKNING

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet har merket seg at kostnadene ser ut til å ha økt fra 97 mill. kroner i St.prp. nr. 68 (2006-2007) til hele 140 mill. kroner, altså med nesten 45 pst.

Disse medlemmer er tilfreds med at det gjennomføres uavhengig kvalitetssikring og peker på at i andre prosjekter der det nå er kostnadssprekk, har svakt prosjektgrunnlag vært en medvirkende faktor. Disse medlemmer viser også til at Statens vegvesens metodikk knyttet til kostnadsanslag, usikkerhet og sporbarhet av kalkyler gjennom flere år har medført kritiske merknader ved ekstern kvalitetssikring.

E6 TRONDHEIM - STJØRDAL- BEHOV FOR BOMPENGER

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet avviser at 20 mill. kroner av bompenger fra eksisterende innkrevingsordning på E6 mellom Trondheim og Stjørdal skal brukes til prosjektering og annet forarbeid for andre bompengefinansierte prosjekter.

Disse medlemmer har merket seg departementets opplysning om at det fortsatt arbeides med vurdering av ulike sider ved bompengefinansiering, og at departementet vil komme tilbake til Stortinget med dette. Disse medlemmer understreker at det er statens, fylkeskommunenes og kommunenes oppgave å finansiere veier i Norge. Disse medlemmer viser til at det likevel er en sterkt økende bompengebrauk til vegfinansiering i Norge – særlig under denne regjeringen.

Disse medlemmer mener det er svært nødvendig å få på plass et regelverk som kan medvirke til å begrense bompengebrauken.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen forskottere 20 mill. kroner til prosjektering, grunnundersøkelser med mer for å bygge endeparsellene Nidelv bru-Grillstad i Trondheim kommune og Værnes-Kvithamar i Stjørdal kommune, og innarbeide dette i sluttsalderingen av statsbudsjettet for 2007."

RV 108 NY KRÅKERØYFORBINDELSE I ØSTFOLD

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til sine merknader og sitt forslag i Innst. S. nr. 149 (2006-2007), jf. St.prp. nr. 41 (2006-2007), og har merket seg at prosjektet blir dyrere enn anslått, at anbudsprosessen er stoppet og at lokale myndigheter har gjort vedtak om at bompengepoeppegget skal endres.

Disse medlemmer viser til at KS-rapporten for prosjektet gir kritikk for håndtering av kostnadsusikkerhet, kostnadsestimering og sporbarhet i anslagene. Etter disse medlemmers syn understreker dette at en viktig årsak til at mange store samferdselsprosjekt nå må gjennom ny kostnadsberegning og ny kvalitetssikring, er mangler i prosjektgrunnlaget. Disse

medlemmer har merket seg at det også fra anleggsbransjen bekreftes at dette er tilfelle.

Disse medlemmer legger til grunn at departementet gjennomfører nødvendige tiltak for å bedre kvaliteten i prosjektgrunnlaget for samferdselsprosjekter.

Disse medlemmer avviser at det for et prosjekt som skal behandles på nytt i Stortinget, skal kunne kreves inn bompenger, og at bompenger skal kunne brukes til etablering av en erstatningsbarnehage.

KOSTNADSOVERSKRIDELSER PÅ BYBANEN I BERGEN

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at Bergensprogrammet, jf. St.prp. nr. 75 (2004-2005), omfatter to store prosjekt. Disse medlemmer har merket seg at det ene prosjektet er et vegprosjekt, Ringveg Vest, som er fremdriftsmessig og kostnadsmessig i rute i forhold til planene. Disse medlemmer har merket seg at det andre prosjektet, Bybane i Bergen, ser ut til å kunne få en foreløpig kostnadsoverskridelse på 40 pst. og også er tidsmessig forsinket.

Disse medlemmer har merket seg opplysningene fra Samferdselsdepartementet om at Bergen kommune har måttet bygge opp en ny prosjektorganisasjon for å gjennomføre investeringen i Bybane til over 2 mrd. kroner, og at en kommunalt oppnevnt ressursgruppe skal bistå med rådgiving og oppfølging. Disse medlemmer finner dette lite betryggende. Disse medlemmer minner også om at det såkalte matebus-systemet, som skal bringe reisende med Bybanen til og fra banen, ikke er investeringsmessig avklart.

Disse medlemmer viser til at prosjektet Hardangerbrua omtales i proposisjonen. Disse medlemmer har merket seg at kostnadsøkning på 38 pst. på tilførselsveiene til dette prosjektet fører til at anbudskonkurransen avlyses og at det forberedes gjennomføring av en ny avgrenset kvalitetssikring. Disse medlemmer finner det underlig at Bybanen i Bergen som ser ut til å få en samlet kostnadssprekk på ca. 40 pst, ikke må gjennomføre tilsvarende tiltak; altså ny kvalitetssikring av kostnadene.

Disse medlemmer peker også på at det er betydelig usikkerhet knyttet til trafikkgrunnlaget og derved inntektene for Bybanen, slik det ble konkludert med i kvalitetssikringsrapport utarbeidet av Transportøkonomisk institutt.

Disse medlemmer har også merket seg den uavklarte situasjonen knyttet til inngående merverdiavgift for prosjektet. Disse medlemmer peker også på at kostnader for flytting av vann- og avløpsnett ikke bør belaste kommunens budsjett, og heller ikke vann- og avløpsregnskapet som gjennom avgifter belastes kommunens innbyggere, men dekkes av prosjektet som forårsaker flytting.

Disse medlemmer mener samlet sett at det er betydelig usikkerhet knyttet til dette store prosjektet. Disse medlemmer mener derfor at det må kvalitetssikres på en bedre måte selv om Bergen kommune formelt er byggherre, og selv om den største delen av prosjektet finansieres med bompenger. Disse med-

le m m e r mener også at det samtidig må sikres at prosjektet samordnes med utvikling av nærtrafikk med jernbane i Bergensregionen for å sikre god koordinering av samferdselstiltak i de største byene.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag

"Stortinget ber Regjeringen gjennomføre ny ekstern kvalitetssikring av kostnader og inntekter for Bybane-prosjektet i Bergen. Stortinget ber Regjeringen samtidig sørge for samordning av prosjektet med utvikling av nærtrafikk med jernbane i Bergensregionen. Stortinget ber om at ny sak om Bybanen i Bergen deretter legges frem for Stortinget."

1.4 Programkategori Særskilde transporttiltak

1.4.1 Samandrag

KAP. 1330 SÆRSKILDE TRANSPORTTILTAK

Post 60 Særskilt tilskot til kollektivtransport

Midlar frå BRA-programmet (Betre infrastruktur, Rullande materiell, Aktiv logistikkforbetring) vert fordelt til bykommunar og/eller fylkeskommunar etter søknad. Siste utbetaling finn dermed ikkje stad før året etter prosjektstart. Samferdselsdepartementet foreslår at kap. 1330 post 60 Særskilt tilskot til kollektivtransport, får tilføydd stikkordet *kan overførast*.

Forhandlingar mellom Samferdselsdepartementet og Hurtigruten ASA

Samferdselsdepartementet orienterer om at forhandlingar vedkomande rammevilkår som følgje av innføring av NO_x-avgift og gjennomføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift har teke lengre tid enn venta, og vil venteleg ikkje verte avslutta i 2007. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget med resultatet av forhandlingane når det ligg føre.

1.4.2 Merknader frå komiteen

Komiteen støtter forslagene under programkategori Særskilde transporttiltak.

1.5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

1.5.1 Samandrag

KAP. 1350 JERNBANEVERKET

Post 30 Investeringar i lina

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på post 30 med 7 mill. kroner. Midlane vil nyttast til forsert detaljplanlegging av nye investeringar som ligg inne i Nasjonal transportplan 2006-2009, m.a. planlegging av ny kryssingsspor.

Råstad haldeplass, Torp flyplass

I Innst. S. nr. 274 (2006-2007) vart Samferdselsdepartementet bedt om å følgje opp saka om mogleg forskotering av opprusting av haldeplassen ved Råstad på Vestfoldbana ved Torp flyplass.

Samferdselsdepartementet foreslår at kostnadene til fornying av Råstad haldeplass, 7 mill. kroner, vert dekt

ved ei omdisponering innafor vedteke løyving for 2007 på kap. 1350 post 23 Drift og vedlikehald.

Arbeidet er sett i gang slik at haldeplassen etter planen kan takast i bruk ved ruteterminskiftet i byrjinga av 2008.

KAP. 1351 PERSONTRANSPORT MED TOG

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I samsvar med avtalen om kjøp av persontransporttjenester med tog frå NSB er delar av betalinga sett av til resultatavhengig tilskot/bonusbetaling knytt til fastsette kvalitetsmål. Slik betaling finn ikkje alltid stad i budsjettåret. Samferdselsdepartementet foreslår at kap. 1351 post 70 Kjøp av persontransport med tog, får tilføydd stikkordet *kan overførast*.

KAP. 1354 STATENS JERNBANETILSYN

Post 1 Drift

Statens jernbanetilsyn har problem med å få tak i folk, noko som har ført til at tilsynet i dag har færre tilsette enn det tilsynet har behov for og som vart lagt til grunn i budsjettet for 2007. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1354 post 1 Driftsutgifter, med 3,5 mill. kroner.

KAP. 5623 AKSJER I BANESERVICE AS

Post 80 Renter

I samband med etableringa av Baneservice AS vart det gitt eit statslån på 38,3 mill. kroner som gjeld til januar 2008. Etter lånevilkåra vel selskapet renteperiode for lånet. Endring i renteperioden og høgare rentesats gjer at renteinntektene vert høgare enn budsjettet. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5623 post 80 Renter, med 1,5 mill. kroner.

1.5.2 Merknader frå komiteen

Komiteen støtter forslagene under programkategori 21.50 Jernbaneformål.

1.6 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

1.6.1 Samandrag

KAP. 1380 POST OG TELETILSYNET

Post 70 Tilskot til teletryggleik og -vernebuing

Post- og teletilsynet inngår vernebuingsavtalar med fleire tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og -tenester. Pålagde kjøp av vernebuingsmateriell kan ta lenger tid enn planlagt. Departementet foreslår derfor at kap. 1380 post 70 Tilskot til teletryggleik og vernebuing, får tilføydd stikkordet *kan overførast*.

KAP. 4380 POST OG TELETILSYNET

Post 1 Diverse avgifter og gebyr

I samband med lønsoppgeret for 2007 er Post- og teletilsynet tildelt 1,636 mill. kroner i lønnskompensasjon på kap. 1380 post 1 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierande. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4380 post 1 Diverse avgifter og gebyr, med 1,636 mill. kroner.

1.6.2 Merknader frå komiteen

Komiteen støtter forslagene til endringer under programkategori 22.10 Post og telekommunikasjoner.

2. FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Fremskrittspartiet:

Forslag 1

Stortinget ber Regjeringen gjennomføre ytterligere kvalitetssikring av trafikkgrunnlaget for Hardangerbrua.

Forslag 2

Stortinget ber Regjeringen forskottere 20 mill. kroner til prosjektering, grunnundersøkelser med mer for

å bygge endeparsellene Nidelv bru-Grillstad i Trondheim kommune og Værnes-Kvithamar i Stjørdal kommune, og innarbeide dette i sluttsalderingen av statsbudsjettet for 2007.

Forslag 3

Stortinget ber Regjeringen gjennomføre ny ekstern kvalitetssikring av kostnader og inntekter for Bybaneprosjektet i Bergen. Stortinget ber Regjeringen samtidig sørge for samordning av prosjektet med utvikling av nærtrafikk med jernbane i Bergensregionen. Stortinget ber om at ny sak om Bybanen i Bergen deretter legges frem for Stortinget.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
1300		Samferdselsdepartementet	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med frå kr 18 400 000 til kr 16 400 000	<u>2 000 000</u>
1313		Luftfartstilsynet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 140 950 000 til kr 145 950 000	<u>5 000 000</u>
1314		Statens havarikommisjon for transport	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 37 600 000 til kr 33 600 000	<u>4 000 000</u>
1320		Statens vegvesen	
	23	Trafikktilsyn, drift og vedlikehald m.m., kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72, blir auka med frå kr 6 825 400 000 til kr 6 864 400 000	<u>39 000 000</u>
1350		Jernbaneverket	
	30	Investeringar i lina, kan overførast, kan nyttast under post 23, blir auka med frå kr 2 234 600 000 til kr 2 241 600 000	<u>7 000 000</u>
1354		Statens jernbanetilsyn	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 35 087 000 til kr 31 587 000	<u>3 500 000</u>
Inntekter			
4313		Luftfartstilsynet	
	1	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 97 100 000 til kr 102 100 000	<u>5 000 000</u>
4380		Post- og teletilsynet	
	1	Diverse avgifter og gebyr, blir auka med frå kr 179 400 000 til kr 181 036 000	<u>1 636 000</u>
5623		Aksjer i Baneservice AS	
	80	Renter, blir auka med frå kr 1 400 000 til kr 2 900 000	<u>1 500 000</u>

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet "kan overførast" blir tilføydd løyvinga under kap. 1310 Flytransport, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, kan nyttast under kap. 1311 post 71.
2. stikkordet "kan overførast" blir tilføydd løyvinga under kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 60 Særskilt tilskot til kollektivtransport.
3. stikkordet "kan overførast" blir tilføydd løyvinga under kap. 1351 Persontransport med tog, post 70 Kjøp av persontransport med tog.
4. stikkordet "kan overførast" blir tilføydd løyvinga under kap. 1380 Post- og teletilsynet, post 70 Tilskot til teletryggleik og -vernebuing.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 11. desember 2007

Per Sandberg
leiar

Hallgeir H. Langeland
ordførar

